

# Misjonsskole og danning

## *Utviklinga av ein teologisk habitus*

Joar Haga,  
professor i kyrkjhistorie ved VID vitenskapelige høgskole

Artikkelen undersøker korleis misjonærar vart danna ved Misjonsskolen i Stavanger, med særleg fokus på kullet som vart ordinert i 1924. Eg nyttar omgrepet *habitus* for å forstå korleis skulen forma både karakter og fagleg kompetanse hos studentane. Danninga ved Misjonsskolen var meir enn teoretisk kunnskap – ho inkluderte moralsk utvikling, åndeleg modning og praktiske ferdigheiter, alt innanfor ein ramme av internatliv og tett oppfølging.

Artikkelen set Misjonsskolen inn i ein breiare historisk og pedagogisk kontekst, og samanliknar med liknande institusjonar i Tyskland (Basel, Barmen, Hamburg). Det vert også drøfta korleis ulike lærarar og leiarar ved skulen vektla ulike sider av danninga, og korleis vurderingar av studentane kunne sprike. Til slutt vert det peika på at misjonærane bar med seg ein særmerkt norsk vekkingskristendom, og at danninga ved skulen var prega av ein balanse mellom akademiske, praktiske og åndelege krav.

This article explores how missionaries were shaped at the Mission School in Stavanger, focusing especially on the cohort ordained in 1924. The author uses the concept of *habitus* to understand how the school formed both the character and academic competence of its students. Education at the Mission School went beyond theoretical knowledge—it included moral development, spiritual maturity, and practical skills, all within a framework of boarding life and close supervision.

The article places the Mission School in a broader historical and pedagogical context, comparing it with similar institutions in Germany (Basel, Barmen, Hamburg). It also discusses how different teachers and leaders at the school emphasized various aspects of formation, and how evaluations of students could vary. Finally, it points out that the missionaries carried with them a distinct Norwegian form of Pietist Christianity, and that the school's education was marked by a balance between academic, practical, and spiritual demands.

Nøkkelord: Danning, utdanning, studium, akademisk, misjonsskole

## Innleiing

Laurdag 28. juni 1924 vart heile 18 misjonskandidatar vigsla til misjonsprestar i Stavanger. Stavanger Aftenblad presenterte 30. juni eit bilete frå hendinga der om lag 50 geistlege går i prosisjon, omgjevne av eit folkehav. Kandidatane som vart ordinerte i St. Petri den dagen hadde alle gått på Misjonsskolen, byens eldste akademiske institusjon. Dei hadde fullført seks 10-timars eksamenar, med påfølgjande munnleg prøve i alle fag.<sup>1</sup>

Denne artikkelen vil undersøka korleis desse framtidige misjonærane vart *forma* ved institusjonen. Dei hadde gått inn i ein høgare utdanningsinstitusjon som var blant dei eldste i landet. «Selskabets Udsendinge dannes ordentligviis ved en i denne Hensigt oprettet Skole», heitte det i §3 i grunnreglane som vart vedtekne ved opprettinga av Det norske misjonsselskap i 1842.<sup>2</sup> Misjonsskolen var det dannelsingsinstrumentet som skulle brukast for å nå dette målet. Poenget var, som Torstein Jørgensen streka under ved Misjonshøgskolens 150-årsjubileum, at utdanninga hadde «et videre sikte en ren formidling av teoretisk kunnskap».<sup>3</sup> Kva som skulle liggja i eit slikt «videre sikte» er det spørsmålet som denne artikkelen reiser. Poenget er ikkje å gje ein uttømande analyse av heile institusjonens dannelsingsprofil, men å gje nokre perspektiv på det miljøet som forma studentane som vart ordinerte i 1924.

For å analysera kva denne danninga innebar vil eg gripa til omgrepet *habitus* (karakter), både fordi det er viktig i den lutherske tradisjonen, men også fordi omgrepet spelar ei sentral rolle i den vidare tradisjonen frå Aristoteles og er tenleg til å undersøka korleis misjonsprestane vart forma. Poenget hjå Aristoteles var nemleg at eit mennesket må ha noko i tillegg til vit og handlingar for å kunne kallast eit moralsk menneske.<sup>4</sup> Eit danna

1 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 110.

2 Birkeli og Tidemann Strand, *Kallet og veien*, 10.

3 Torstein Jørgensen: «Misjonærutdanning i 150 år», i Tor Hauken og Arne B. Samuelson (red.) *Forskere i Misjonens Tjeneste*. (Stavanger: Misjonshøgskolens forlag, 1993), 137-144. Her s. 138.

4 Sjø t.d. Notger Schlenczka, «Habitus. 1. Dogmatisch» *RGG*<sup>4</sup> vol. 3, 1365-66.

menneske i etisk forstand må ifølgje Aristoteles ha innøvd nokre haldningar som også femner om kjenslene. Der Platon hadde presentert ein intellektuell og abstrakt ide om det (tenkte) Gode, der ville Aristoteles heller setje «den konkrete figuren til det gode mennesket,» slik at mennesket hadde ein modell å gå etter.<sup>5</sup> Hjø Thomas Aquinas er denne ideen vidareutvikla i eit kristent perspektiv. Innøvinga av dygd skjer ved at det moglege eller den evna som bur i eit menneske – *potentia* – gjennom ein *habitus* blir til ein akt eller røyndom – *actus*. Ein er altså ikkje fødd til dygd eller last, men tileignar seg ein viss karakter som gjev seg utslag i handling. Ein kan difor omsetje *habitus* som ein «ervert disposisjon».<sup>6</sup>

I nyare tid er det særskilt Alasdair Macintyre og hans aksentuering av dydsetiske perspektiv som har lagt vekt på dette aspektet. I artikkelen *Practical Rationalities as Social Structures* (1987) peika Macintyre på at både bønder og matematikarar lærar fagleg skjøn og å realisera det føremålet som faget deira har ved at dei blir «innvigde og trenna i dei handlingsvanane og dømmekrafta (habits of action and judgement)».<sup>7</sup>

Denne innramminga er særskilt fruktbar for å sjå på elevane ved Misjonskolen, ettersom dette var ei oppseding der det var internatlivet med bu- og måltidsfelleskap som var ramma for innlæringa. Allereie denne innramminga gjorde at misjonsdanninga skilte seg ut frå andre studiar og reflekterte at det vart stilt heilt spesielle krav til den gjerninga som dei framtidige misjonærane skulle utføra. Heilt eineståande var likevel ikkje dette. Dei mange stiftsseminara som vart skipa som lærarskular i første halvdel av 1800-talet er eit anna eksempel på slike institusjonar. Dei hadde også internat, sjølv om den karakteristiske kalibreringa av karakteren til den enkelte student var mindre påfallande enn på Misjonskolen.<sup>8</sup> Eit anna eksempel er studentheimane. I København var det sidan starten av 1600-talet ein studentheim for 100 «værdigt trængende», *Collegium regium*, eller *Regensen*, som han også vart kalla.<sup>9</sup>

5 Peter Nickl, *Ordnung der Gefühle. Studien zum Begriff des habitus* (Hamburg: Felix Meiner Verlag, 2001), 22.

6 Jf. Knut Erik Tranøy, *Thomas Aquinas. Om loven, Guds attributter, tro og viten, og kjønslivet i paradiset* (Oslo: Pax, 1967), 169.

7 Kelvin Knight (red.), *The Macintyre Reader* (Notre Dame: University of Notre Dame Press, 1998), 121.

8 Sjå t.d. Helge Dahl, *Norsk lærerutdanning fra 1814 til i dag* (Oslo: Universitetsforlaget 1959). Interessant er også Olaf Jansen, *Kristiansand lærerskole gjennom 100 år 1839-1939* (Oslo: Olaf Norlis forlag, 1951). Sjå også avhandlinga til Alf Gunnar Eritsland, *Med skolen som misjonsmark. Den norske vekkingrørslas satsing på lærerutdanning 1890-1946* (Oslo: Universitetet i Oslo, 2019).

9 Studentane på Regensen hadde fleire plikter som dei måtte gjera for å kunne ta imot «nydelsen av Stipendiet». Det både gudstenester, samt morgon- og kveldsbøn. I overgangen frå 17- til 1800-talet var det i tillegg «øvelser», det vil seia disputasøvingar i faget. Sjå C.E.F. Reinhardt, *Kommuniteten og Regensen fra deres stiftelse indtil vore dage* (København, Muhle, 1862), 293-98.

## Tidlegare forskning på Misjonsskolen og danninga der

Kva slags danning var det ved Misjonsskolen? Dei framtidige misjonærane – og etter kvart misjonsprestane<sup>10</sup> – skulle dannast og få ein *habitus* som var eigna til å løysa det oppdraget som Det Norske Misjonsselskap (NMS) var sett til å verkeleggjera. Misjonærane skulle verkeleggjera eit bestemt føremål, nemleg at evangeliet skulle bringast til nye folkeslag gjennom forkynning og sakramentsforvaltning. Frå ei side sett var det difor ingen skilnad på misjonsoppdraget og kyrkjeleg arbeid i heimlandet. Men samstundes skulle jo dette arbeidet skje i ein heilt ny kultur. Som dei komande prestane i Noreg, måtte dei ha innsikt i Guds ord og teologiske disiplinær. I pensum-listene kan ein sjå at det vitskaplege idealet som eksisterte ved Teologisk Fakultet i hovudstaden, også eksisterte på Misjonsskolen. Det er grunn til å streka under at NMS ville vera ein ansvarleg, kyrkjeleg aktør med institusjonell tyngd frå Den norske kyrkja, noko som gjorde at ein var på vakt mot åndeleg svermeri og individuell religiøs fanatisme.

Men dei komande misjonærane måtte også oppfylle heilt andre krav. Dei skulle fungera i samfunn som var svært ulike det norske, noko som kalla på sosio-kulturell og kommunikativ kompetanse. Evna til å fungera i ein ny kultur innebar at dei komande misjonærane måtte ha eit sett av praktiske ferdigheiter, noko som var nært knytt til utvikling av personlegdomen og danninga av denne. Kastar ein eit blikk på reglementet for Misjonsskolen frå 1844, blir det tydeleg at lærarane ikkje berre skulle «besørge Elevernes Uddannelse». Dei skulle søka «saasnt som muligt at blive overbeviste om hvorvidt enhver dem betroet Elev virkelig er skicket til Missionstjenesten».<sup>11</sup>

Forminga av misjonslevar var også ein del av den ålmenne pedagogiske kulturen som rådde siste halvdel av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Som Dag Thorkildsen har peika på, var skulen «statsmaktens sosialiseringssagent» og ein viktig bidragsytar for å skapa «lojalitet mot staten og statsmakten».<sup>12</sup> Denne nasjonale ideologien var felles for alle dei førande pedagogiske retningane. Formålet i skulereforma frå 1848 var karakteristisk skissert som «at bibringe Ungdommen en sand christelig Oplysning og derhos at forskaffe den de Kundskaber og Færdigheder, som ethvert medlem af Statssamfunet bør besidde.» Men det særleine ved utdanninga ved Misjonsskolen var å knytte dette til den tenesta dei skulle utføra. Som det lakonisk vart kommentert om gardsarbeid i Rolls husorden frå 1874, «En vordende Missionær bør forstaa Noget av

10 Sjå Knut Alfsvågs bidrag i dette nummeret.

11 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 211.

12 Dag Thorkildsen, «En nasjonal og moderne utdanning» i Øystein Sørensen (red.) *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (Oslo: Gyldendal, 1998), 265-284, her: 265.

Hvert [...]».<sup>13</sup>

Denne sida av misjonsrørsla skulle ein tru var blitt handsama i den etterkvart rikhaldige misjonslitteraturen. Likevel, mangelen på analyse av dei *ideala* som misjonsskolen var tufta på er symptomatisk for det aller meste av litteratur som finst om dannelsingsaspektet til misjonselevane. Ein nøyer seg gjerne med å seia noko om bakgrunnen til misjonsvennene, det vil seia misjonsinteressen blant brødrevenner og haugianarar. Innhaldet i den misjonsskolen som etterkvart ser dagsens ljøs blir vurdert utifrå den faglege porteføljen som ein kan finna i dei ulike disiplinane som blir lært. Men noko nærare framstilling av dannelsingsideala leitar ein forgjeves etter.

Det er påfallande at ein så sentral læreinstusjon for den framveksande misjonsrørsla har blitt så lite analysert. Eit symptomatisk døme på denne ignoransen er Olav Myklebusts doktoravhandling om misjonsfaget i teologisk utdanning. I kapitlet om tida i Tyskland 1800-1860 nemnte han rett nok Baselseminarets første inspektør, Blumhardt, men unngjekk å kommentera det seminaret som han faktisk leia. All interesse er knytt til dei prestisjefylte universiteta i Berlin, Göttingen osv. Som Myklebust skreiv med referanse til Karl Graul: «In Germany, as on the Continent as a whole, the vast majority of missionaries have been and still are trained in separate institutions (Missionsschulen)», men det vert ikkje skrive noko om kva slags institusjonar dette var. Kanskje skuldast den manglande interessa deira manglande akademiske renommé og forsiktige pretensjonar?<sup>14</sup> Einar Molland peika på at Misjonsskolen hadde ei «improvisert undervisning», og at elevane der hadde «små forutsetningar når det gjaldt boklig danning».<sup>15</sup> Det var liten grunn til vidare undersøkingar.

Nokre unntak finst. For John Nome, ein forskar med syn for sosiologiske og kulturelle aspekt ved lærdomskulturen, blir misjonsskolen som dannelsingsinstitusjon fyrst og fremst knytt til dei ulike studentane og deira (manglande) kulturelle horisont. Han peika på at den fyrste læraren, Andreas Hanssen, var son av ein haugiansk kjøpmann i Stavanger, men at brødrevenene såg på han som ein grundtvigianar, altså ein trussel. At Haugvaldstad agerte som husfar «i hvis hus nøysomheten var like sterkt utviklet som guds frykten», som Nome syrleg framheva, sikra den puritanske profilen.<sup>16</sup> Nome nemnte så den absolutte lydnamen som var føresett i «Huusorden», samt ordninga av dagsrytmen «som de i alle Punkter skulle efterleve», og illustrerte kadaverdisiplinen med tilfellet misjonselev Steene. Denne eleven hadde klaga på lærarar og medelevar, trassa den nye husorden. Difor vart han kravd tilbake all gjelda til Misjonsselskapet.

13 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 221.

14 Olav G. Myklebust, *The Study of Missions in Theological Education* vol. 1 (Oslo: Egede Instituttet, 1955), her: 94.

15 Einar Molland, *Norges kirkehistorie i det 19. århundre. Bind 1* (Oslo: Gyldendal, 1979), 162-163.

16 John Nome, *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv. Fra Stiftelsestiden til Schreuders brudd* (Stavanger: Dreyer, 1943), 115.

Slik vart det statuert eit eksempel for kva som ville skje om ein var ulydig, hevda Nome.<sup>17</sup> Likevel var det liten refleksjon over dei *strukturelle* vilkåra for denne danningsinstitusjonen hjå Nome, altså deira kopling mot liknande institusjonar og den ålmenne danningsteorien som låg bak dette.

På eit vis kan ser det ut som om Nome har delt sin analytiske evne i to. Etter dei lett sarkastiske merknadane om dei kulturelle tilhøva, nyttar han meir panegyriske vendingar som «Misjonsskolen har framgang». Han konkluderte med at det «geistlig-kirkelige regimente» hadde sigra, før han gjekk laus på spørsmålet om ordinasjon for misjonsstudentane.<sup>18</sup> Nomes «sosiologiske perspektiv»<sup>19</sup> vurderte ikkje målet for danninga, men nøgde seg med å visa fram dei miljøa som dei ulike aktørane kom frå.

I avhandlinga til Vidar Haanes blir den strukturelle konflikten mellom geistleg og lek innstilling til misjonsskolen modifisert. Med rette peika Haanes på at fleire geistlege med herrnhutisk bakgrunn støtta oppretting av ein eigen misjonsskole, medan sonen til Hans Nielsen Hauge, Andreas Hauge, var imot.<sup>20</sup> Men heller ikkje Haanes undersøkte kva som *innhaldsmessig* låg i ideen om ein eigen misjonsskole.

Eit anna unnatak er Jarle Simensen og kollegaer frå Trondheim og deira arbeid med misjonsrørsla på 1980-talet. Simensen & co. var ikkje berre oppteken av bakgrunnen til misjonselevane, men også deira «karakterdannelse», som det heitte i eit underkapittel i ein antologi. Med dette ville dei sjå på «hvilke karakteregenskaper Misjonsskolen ønsket å finne og utvikle hos sine elever.»<sup>21</sup> Det vert sitert frå eit opptakskrav for misjonselevar frå 1860 – rett nok utan kontekst og med eit underleg krav om å vera gyldig for heile epoken – samt eit ønske om å undersøke korleis danningssideen vart formidla til elevane. Her er det likevel lite om danningas mål, men stort sett drøfting av danningas material, det vil seia at misjonseleven har «et særdeles Kald» til misjonsteneste, samt at dei naturlege føresetnadane, helse, alder, språklege anlegg, skulle vera i orden.

Når det gjaldt innhaldet i danninga, nytta Simensen ei bok av misjonssekretær i Basel, Friedrich Würz. Boka vart i 1901 omsett av O. E Mohr som var forstandar 1897-1907, og denne tente som normativ kjelde. Men denne boka reiste fyrst og fremst spørsmålet om «den egte dragelse til missionen», dvs. kor vidt den unge manns (indre)

17 Nome, 116-117.

18 Nome, 120-121.

19 Jarle Simensen og Vidar Gynnild, «Norske misjonærer på 1800-tallet: Mentalitet, sosial profil og foreningsbakgrunn,» i Jarle Simensen (red.) *Norsk misjons og afrikanske samfunn. Sør-Afrika ca. 1850-1900* (Trondheim: Tapir, 1984), 11-56, her: s. 12.

20 Vidar L. Haanes: *Hvad skal da dette blive for prester? Presteutdannelse i spenningsfeltet mellom universitet og kirke, med vekt på modernitetens gjennombrudd i Norge.* (Trondheim: Tapir, 1998), 110-111.

21 Simensen og Gynnild, s. 40.

kall er tufta på sanning.<sup>22</sup> Poenget til Würz var å gå gjennom ulike motivasjonsfaktorar ved sjølvprøving. Til dømes nemnte han at Karl Buck fekk sitt misjonskall då han var fire år.<sup>23</sup> Korleis skulle ein vurdera slike erfaringar? Würz streka under at det var naudsynt med visse naturlege evner og anlegg, til dømes intellektuell kapasitet til å læra eit nytt språk. I tillegg peika han på to avgjerande trekk ved karakteren, nemleg sjølvttukt og kraft. Men også her var det mindre vekt på danning og meir på plikt, sjølv om det å «beherske sine tilbøieligheder, tøile sin tunge, lempe og underordne sig» var noko den komande misjonæren «maa ogsaa allerede hjemme ha øvet sig i».<sup>24</sup> Simensen og Gynnild la vekt på disiplin, forsaking og verdsfornekting, og streka under at misjonæren skulle bli eit sjølvutslettande instrument for Guds sak.

I tillegg nemnte Simensen og Gynnild forstandar Karl Roll og hans 23-siders husorden frå 1874, eit studium i sosial kontroll. Denne kjem eg tilbake til. Det er også verd å nemna analysen av eksamenssvar med tanke på misjonsforståinga og tilhøvet mellom individ og fellesskap, samt balansen mellom åndelege og verdslege aspekt ved misjonstenesta. Her finn dei eit perspektiv på danningas sluttprodukt, så og seie.

## Danningsomgrepet i den lutherske tradisjonen

Sidan 1990-talet har det vore ei stigande interesse for danning og danningsteoriar. Den instrumentale forståinga av kunnskap som oppgåveløysing vart utfordra av ei meir heilskapleg forståing av kunnskap som ein del av mennesket og hennar utviklingsprosess.<sup>25</sup> At mennesket ikkje berre var ein kunnskapskonsument der kunnskapen skulle implementerast har lange røter i dei teologiske kunnskapssyna som har prega den lutherske kulturen.

*Habitus* – både prosessen og resultatet av den teologiske danninga var forstått som *karakteren* til den ferdige kandidaten. Etter at vitskapleg teologi vart viktigare utover på 1600-talet, konsentrerte universitetsprofessorane seg meir og meir om den intellektuelle utrustninga til kandidatane. Det vitskaplege studiet av Den heilage skrifter vart gjennomført med eit sideblikk på den filosofisk-teoretiske drøftinga i samtida, samstundes som ein la vekt på sjelslivet til den enkelte student, hans *cultura animi*. Den fromheitsmessige dimensjonen vart også lagt vekt på, - i Wittenberg var det mellom anna plikt å ta del i gudstenestelivet der professorane gjorde teneste. Den utbreidde førestillinga om dogmatisk hardnakka teologar i den såkalla «ortodoksien» er knapt

22 Jf. Friedrich Würz, *Skal jeg bli missionær?* (Stavanger: Det norske missionselskaps forlag, 1901), 5.

23 Ibid, 8.

24 Ibid, 25.

25 Sjå t.d. antologien til Øivind Andersen (red.) *Dannelse. Humanitas. Paideia*.

(Oslo: Sypress Forlag, 1999). Eit anna utslag er Bostad-utvalget som vart nedsett av Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bodø i 2007, og som leverte eit sluttokument i 2009: «Dannelsesperspektiver i høyere utdanning».

haldbar, heller ikkje på teoretisk nivå. Det var snarare typisk å formulera målet med teologien slik David Hollaz formulerte i sin *Examen*: Teologi er *sapientia eminens practica*, altså fyrst og fremst ein praktisk visdom,<sup>26</sup> noko som hadde vore vanleg frå byrjinga av 1600-talet. Forståinga var til dels metodisk motivert frå Zabarellas idear og førte til at teologi-omgrepet vart «målstyrt»: Teologen skulle ikkje berre vite noko om trua og om Gud, men han skulle føra andre menneske til frelsa. Ein klar parallell fanst til medisin, der legen vart skulert for å formidla legedom til folk.<sup>27</sup>

Med pietismen kom vektlegging av personleg *omvending* sterkare fram som mål for presteutdanninga. Organiseringa av utdanninga var knytt til bygging av ein parallell-struktur til den ålmenne kulturen, dvs. den store kyrkja. I det pietistiske programskriftet *Pia Desideria* hadde Spener gjeve nokre generelle retningslinjer til korleis (ut)danninga av prestar skulle endrast. Eit hovudpunkt var at personellet var «sanne kristne» og hadde «guddomleg visdom», slik at dei framtidige prestane kunne føra andre på Herrens veg.<sup>28</sup> Dette seleksjonskriteriet var nok vanskeleg å operasjonalisera ettersom studiet var ope for alle som ville ta eksamen. Kyrkja burde likevel berre kalla dei som «berre la vekt på Guds ære og såg vekk frå alle kjødelege ting som gunst, vennskap, gåver og slike unyttige ting.» Men når studentane fyrst var komne inn, burde dei

bli nøye observert av *Professoribus Theologiae* for å hjelpe til med å avskaffa alt som fanst av ukristeleg liv og forbetra dette, slik at academia blir det dei var meint til å vera, nemleg kyrkjelege planteskular og verkstader for Den heilage Ande, ikkje verdsanden, altså at dei ikkje blir æresjuke-, drukkenskaps- og krangledjevlar, slik ein kan sjå i dei studerande i det ytre.<sup>29</sup>

Innramminga av studielivet som ein planteskule har eit sikte mot ei heilskapleg danning. Skuleringa var ikkje berre tenkt som innlæring av kunnskap, men har eit tydeleg moralsk aspekt. Professorane burde etter Speners mening sjølv vera eksempel for studentane, slik at dei kunne ha eit «levande mønster å strukturera sine liv etter».

26 *Quid est theologia? Theologia est sapientia eminens practica, e verbo Dei reuelato docens omnia, quae ad veram in Christum fidem cognitu, & ad sanctimoniam vitae factu necessaria sunt homini peccatori, aeternam salutem adepturo.* David Hollaz, *Examen Theologicum acroamaticum.* (Stockholm & Leipzig: Gottfred Kiesewetter, 1750 (1707)).

27 Sjå til dømes Kenneth G. Appold, *Orthodoxie als Konsensbildung. Das theologische Disputationswesen an der Universität Wittenberg zwischen 1570 und 1710* (Tübingen: Mohr Siebeck, 2004), 64-67.

28 “Die zum allerförderisten selbs wahre Christen seyen / und darin die Göttliche weisheit haben / auch andere auff den Weg dess Herrn vorsichtig zu führen [...]“, Philipp Jacob Spener, *Pia Desideria: Oder herzliches Verlangen Nach Gottgefälliger besserung der wahren Evangelischen Kirchen* (Frankfurt am Main: Johann David Zunner 1676), 125-6.

29 Spener, 126-7.



Dette gjaldt til dømes kulturen ved bordet, der ein burde ha oppbyggjelege samtalar over Guds ord, bibelsitat og salmevers. Hovudsaka var at moralsk liv var like viktig som intellektuelt liv, noko som ifølgje Spener var endå viktigare når det gjaldt åndeleg liv. «For teologi er ein *habitus practicus*», skreiv han, eit uttrykk som likna svært på Hollaz og hans uttrykk.<sup>30</sup> Det er likevel viktig å vera klar over forskyvinga som habitus-omgrepet fekk i pietismen. Medan Hollaz og den eldre tradisjonen knytte *habitus* til arbeidet med ord og sakrament, altså dei nådemidla som skulle føre menneske fram til frelse, kvalifiserte Spener *habitus* fyrst og fremst som ein moralsk kategori.

August Hermann Francke realiserte på mange måtar dette programmet i sine *Stiftungen* i Halle. Frå 1695 vart eit skulevesen og internat bygd opp som på eit par tiår femna over 2000 elevar. I boka *Kurzer und einfältiger Unterricht, wie die Kinder zur wahren Gottseligkeit und christlichen Klugheit anzuführen sind* (1702) viste han korleis målet om «å frykta og elska Gud» og kristeleg klokskap kunne bli nådd ved metodisk pedagogisk arbeid. For Francke var ikkje denne klokskapen berre tufta på vit og vitskap. Det var fyrst og fremst evna til å sondra mellom godt og vondt, særskilt med tanke på kva som var nyttig. Ein skulle læra kjærleik til sanning, lydnad og flid. Like viktig var det å kjempa mot lygna, eigenviljen og lediggang. Denne dømmekrafta skulle oppøvast til bruk i handling. Francke la særskilt stor vekt på lydnad: Mennesket må underordna seg Guds vilje, og lærer dette ved å lyda foreldra. Då vert eigenviljen broten ned.<sup>31</sup>

Presteutdanninga i Danmark-Noreg reflekterte denne utviklingstendensen. Som Oluf Kolsrud peika på, «den pietistiske religiøsitet gav det gamle presteideal ein ny, inderleg, personleg og asketisk karakter».<sup>32</sup> I si viktige pastorallære la Erik Pontoppidan vekt på at embetet er å føre syndige menneske fram til foreining med Gud. Kven kan aksla eit slikt embete, spurte han retorisk? Englane var rett nok syndfrie, men knapt dugande til å vise kyrkjelyden at det var mogleg å leva gudfryktig. For Pontoppidan var nettopp *Exemplum* det sentrale aspektet. Prestane skulle vera kristelege førebilete som dei truande kunne sjå opp til. Pontoppidan viste til at Paulus i 1. Tim 2 og 1. Kor 14 ikkje ville ha nyomvende, gudause eller kvinner til offentlege lærarar.<sup>33</sup> Unge folk ville dessutan ha problem med å slå gjennom hjå eldre folk. Verst er det med hyklarar, ettersom desse må fortrenge Guds stemme når dei forkynner, skreiv Pontoppidan.

Om desse ideala vart gjennomførte for det teologiske studium i København, er neppe sannsynleg, men dei reflekterer tankesettet til ein av dei mest verknadsfulle teologane på 1700-talet. Dei to lærarane som fekk ansvar for utdanninga av prestar ved det nye universitetet i Christiania i 1811, Stener Stenersen (1789-1835) og Svend

30 Spener, 129.

31 Sjå t.d. Ralph Koerrenz et. al. (red.) *Geschichte der Pädagogik*, (Paderborn: Ferdinand Schöningh, 2017), 136-143.

32 Oluf Kolsrud, *Presteutdanning i Noreg* (Oslo: Universitetsforlaget, 1962), 215.

33 Erik Pontoppidan, *Collegium pastorale practicum* (Oslo: Luther Forlag, 1986) 67-8.

Hersleb (1784-1836), var begge restaurasjonsteologar. Saman med Grundtvig hadde dei ein kritisk brodd mot den rasjonalismen som hadde prega teologistudiet fram til starten til det 19. hundreåret. Stenersen gav ut eit lite skrift i 1815 med tittelen *Universitetsaarene, betragtede som den vordende Embedsmands Dannelsesperiode*. Framstillinga var eigentleg eit forsøk på å få til ein stipendordning for dei fattigaste studentane, men i dette skriftet reflekterte Stenersen eit syn på danning som er av interesse for forståinga av tradisjonen ved Misjonsskolen.

Danninga til presteteneste har to hovuddeler, skreiv Stenersen, nemleg kunnskap og evne til å kunne utøva denne kunnskapen.<sup>34</sup> Den teologiske kunnskapen skulle hjelpe den komande embetsmannen til å få ein fast *karakter* tufta på kjærleik til sanning og rett. Men då trengte ein lang nok danning. Mange studentar med dårleg råd avslutta studiane tidleg og tok arbeid som huslærarar. Stenersen meinte at ein då ville få svake karakterar som ikkje evna til å stå fast i overtyding. Deira karakter var danna i «Eftergivenheds Skole», i ein stadig forhandling mellom personale omsyn.<sup>35</sup> Dette høyrde privatlivet til, men burde ikkje få grep om embetsmannen og hans kall til offentleg gjerd. Då ville han som embetsmann bli «et svagt Rør, som sveier hid og did for Venskabs og Kjærligheds, Egennyttes og Vellevnets Pust.»<sup>36</sup> Det ideelle programmet som Stenersen skisserte for studentane hadde også noko av pietismens trekk, om enn i svakare monn når det gjaldt dei asketiske sidene. Likevel, den som skal innviast til «Embedsmandens hellige Kald, bør i Indvielsens Dage leve *uafhængig*, og tildeels afsondret fra Verden», hevda Stenersen.<sup>37</sup> Det var denne tilbaketrekkinga som kunne forankra tenesta i eit fast sinn.

På mange måtar ligg desse tankane om danning nært opp til *formatio*-aspektet som har prega synet på presterolla som mellom anna Gustav Jensen aksentuerte frå slutten av 1800-talet. Her tenkte ein seg at det heilage livet vaks fram ved at presten møtte Kristus i Ord og sakrament: «Når Guds nådes ord får forme oss og forener oss med Kristus, vil naturgavene, studiet, dannelsen, forvandle seg i oss så vi får kjærlige hjerter som åpner seg for medmennesker».<sup>38</sup>

## **Teologisk danning ved Misjonsskolen**

Ser ein bort frå den embetsmessige laugsidentiteten som låg til grunn for dannelsingsforståinga til Stenersen og Jensen, kan ein skimte mange likskapstrekk med det som

34 Stener J. Stenersen, *Universitetsaarene, betragtede som den vordende Embedsmands Dannelsesperiode* (Christiania: Grøndahl, 1815), 1.

35 Ibid, 14.

36 Ibid, 15.

37 Ibid, 16.

38 Sitert frå Vidar L. Haanes, «Pastoral «formatio» og luthersk antropologi. Et perspektiv på norsk pastoralteologi fra slutten av 1800-tallet og fram til i dag», i *Halvårsskrift for praktisk teologi* 1/1999, 42-54, her: 47.

kjem til uttrykk i misjonstradisjonen som leia fram til opprettinga av Misjonsskolen.<sup>39</sup> Etter vedtektene som vart vedtekne på generalforsamlinga i Christiansand 1842 skulle Det norske misjonsselskap

*virke til Guds Riges Udbredelse fornemmelig blant hedningerne, ved Dannelse, Udsendelse og Underholdning af Missionærer og disses Medhjælpere.*

Eg vil likevel peika på to sider som skil seg ut som annleis. For det fyrste vart forståinga av kva ein misjonær var og skulle vera forankra i *demokratiske* foreiningar. Her var det ikkje embetsmenn som skulle dannast, sjølv om ein etter kvart fekk status som prestar i den norske kyrkja i utlandet. For det andre hadde misjonæren eit heilt spesifikt sikte. Vedtektene vart formulerte av kristne misjonsvennene som hadde samla seg om ei *sak*, nemleg å senda ut misjonærar og deira medhjelparar for å utbreia Guds rike blant heidningar.

Men korleis skulle dette gjerast? Misjonærane var ikkje berre fagfolk som skulle nytta sine teologiske kunnskapar på eit nytt felt, dei var – med unnatak av den universitetsutdanna Schreuder – ofte ulærde og hadde ein svak fagleg bakgrunn. Men nettopp dette gjorde studentane også *formbare* for misjonsverksemd. Inntrykket er at ein i større grad enn prestestudentane frå embetsmannskulturen i hovudstaden tenkte at misjonslevane kunne *dannast* til å verkeleggjera misjonsoppdraget.

I 1843 fastsette den fyrste generalforsamlinga til NMS at skulen skulle liggja i Stavanger. Christiania misjonsforening hadde vore kritiske. Dei misjonsinteresserte teologane i hovudstaden forstod snart at med eit slikt grep ville sentrum for det veksande misjonsarbeidet i Noreg bli flytta frå Christiania til den provinsielle sildebyen. Det var ein lite tiltalende tanke for toppfolka i hovudstaden. Dessutan var det kyrkjerettslege innvendingar mot ei slik løysing. Ein statskyrkjeleg autorisasjon ville kanskje ikkje bli gjeven til ein misjonsskule i provinsen. I det heile hadde ein skule i Stavanger “noe lekmannsaktig ved seg”, sett frå hovudstaden. “Kirken selv” låg etter deira meining i statens skjød i Christiania. Det høyrer også med at misjonsforeninga i Christiania etterkvart *utelukkande* hadde medlemmer med teologisk embetseksamen frå Det kongelige Fredriks Universitet i same by.

Styret i Misjonsselskapet hadde innstilt på at misjonsskulen skulle liggja i Kristiansand, det mest “passende Sted”. Der var jo som kjent “stiftets høieste Geistlighed” å finna etter at kong Christian V i København på 1680-talet hadde fått den forunderlege ideen om å flytta bispesetet i Stavanger til byen med sitt eige namn. Men misjonsvenene ville ha skulen hjå lekfolket på Vestlandet. Kontroll over kunnskapsproduksjonen var avgjerande. Misjonsfolket ville ikkje berre ha fokus på bokleg lærdom. Dei ville utvikla “den kristelige ånd og det sanne, offervillige misjons-

39 Sjå artikkelen til Knut Alfvåg i dette nummeret.

sinn” i studentane, som John Nome skreiv i si historie.<sup>40</sup>

Ein viktig dimensjon ved misjonsrørsla ligg i den *klassemessige* forankringa til denne rørsla, og ikkje berre dei fromheitstypiske trekka til herrnhutarar og haugianarar. Som historikaren Hans Try peika på i sitt arbeid om framveksten av assosiasjonsånd og foreiningar: Trass i at prestane dominerte i Misjonsselskapet i 1850-åra, hadde lokalforeiningane «eit overveldande fleirtal av allmugespersonar og bare ei handfull embetsmenn og kondisjonerte.»<sup>41</sup> Det interessante er at lekfolket rett nok leverte «materialet» i form av misjonselevar, men i tillegg hadde dei også hand om styringa av danninga. Allmugen styrte ikkje berre gjennom eit sterkt landsmøte, dei hadde også demokratiske statuttar. Ei nøkkelrolle for å omsetja desse statuttane til klingande pedagogisk mynt hadde sjølvsgagt undervisningspersonalet. I «statuter for missionskolens lærerraad» står det ikkje berre at dei har ansvaret for den fagleg sida ved danninga. Lærarrådet skulle også

*Ved indgaaende overveielse at vaake over elevernes studier, aandelige udvikling, moralske forhold og i det hele søke fremmet deres alsidige og bedst mulige dygtiggjørelse for missionsgjerningen.*<sup>42</sup>

Denne overvåkinga av misjonselevane skulle også nedfellast i ein rapport ved slutten av kvart skuleår, der hovudstyret kunne lesa ein «karakteristik av de enkelte elevers evner, intellektuelle og aandelige standpunkt og om deres forhold ved skolen».<sup>43</sup> Tanken om Guds oppsyn hadde nok sin grunn i den jødisk-kristne tradisjonen. Det gamle testamente viser ofte til Gud som han som «ser alt». Mot slutten av 1700-talet fekk ideen om overvaking eit oppsving, særskilt i den franske revolusjonen, men då som «Lovas auge».<sup>44</sup> Spørsmålet er korleis slags danningførestillingar gjorde seg gjeldande i undervisning og prøving av dei framtidige misjonærane.

## Tyske førebilete? Basel, Barmen og Hamburg

I Stavanger Amtstidende kunne innbyggjarane ein sommardag i 1842 lesa at det fanst planar om å danna “et almindeligt Missionssselskab, ligesom ogsaa at diskuttere om Oprettelsen af en Missionssskole her i Byen.” Avisa såg med stor velvilje på “det ædle Formaal”, nemleg “at virke til Evangeliets Forkyndelse i Hedningeland”. Likevel, avisa var klar på at det “frembyder sig mange Vanskeligheder for Realisationen” av

40 Nome, *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv. Fra Stiftelsestiden til Schreuders brudd* (Stavanger: Dreyer, 1943), 28.

41 Hans Try, *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge* (Bergen: Alvheim og Eide, 1985), 16.

42 Birkeli og Strand, 229.

43 Ibid.

44 Michael Stolleis og Wlolfgang Behringer, «Auge» i *Enzyklopädie der Neuzeit*, Vol. 1, 2005, 844-848, her: sp. 848.

ideen når det gjaldt opprettinga av ein misjonsskule. Leiarskribenten var oppteken av personalspørsmålet, nemleg utfordringa med å finne “duelige Lærere”. Utfordringa var ikkje mangel på folk med bokleg lærdom, men *erfaring*, meinte avisa. I Noreg fanst det jo knapt nokon med *misjonserfaring*, - dei måtte “hidkaldes” frå utlandet. Leiarskribenten var redd for at dette ville vera “forbunden med ikke ubetydelige Udgifter.” Kvifor ikkje senda dei vordane misjonærar til misjonsskular Barmen eller Basel, spurte avisa?<sup>45</sup>

Det var ikkje eit spørsmål som var teken ut av lufta. Den nitten år gamle J.W. Cappelen hadde blitt sendt av det danske Missionselskab til Misjonsseminaret i Basel for å bli danna til misjonær. I Basel rekrutterte ein «rettskafne og religiøst tenkande unge menn frå alle konfesjonar og stender».<sup>46</sup>

Daniel Thrap skreiv at Cappelen hadde vore der eit år og levd «efter de strænge Former» før han vendte tilbake til Noreg og starta arbeidet med å danna misjonsforeiningar.<sup>47</sup> Thrap går ikkje inn på kva desse strenge formene skulle tilseia, men Cappelens biograf Einar Boyesen siterer Dansk Misjonsblad som i 1825 skreiv dette om det klasseoverskridande misjonsinstituttet i Basel:

Elevene i dette Institut nyde en Dannelse, som aldeles passer sig til Missionairenes tilkommende Stilling. Bibelen er deres Hovedbog, paa hvis Grundsprog, Ebraisk og Gresk, der anvendes en udmærket Flid, og i hvilke der opnaaes i Hjerterne christelig Ydmyghed, Selvfornegtelse, Kjærlighed til Gud og Jesum og til alle Jordens Børn arbeides der tidligt og sildigt. Der leves overmaade tarveligt, enhver Missionair, saavel av de fornemmere, som af de ringere Stænder sidder til Bords med Lærerne og Eleverne.<sup>48</sup>

I tillegg til den omtalte askesen og måltidsfellesskapen som ikkje tok omsyn til stendene, kan ein leggja merke til at latinen var fråverande. Det er dei bibelske språka som har prioritet, eit element som også gjorde koplinga til den tidlege kyrkja og martyriet tydelegare.

Den tyske danningshistorikaren og teologen Thomas Schlag har nyleg peika på korleis misjonstanken vart verkeleggjort gjennom misjonsseminaret i Basel. Her gjaldt vilkårslaus lydnad og eit oppsiktsvekkjande stort ytingspress. Ein la avgjerande vekt på fromheit, moral og individuell omvendingserfaring. Likevel var ikkje misjonssemin-

45 Stavanger Amtstidende, No 63, 8. august 1842. s. 1-2.

46 Friedrich Huber: «Mission. 3. Evangelische Kirchen» i *Enzyklopädie der Neuzeit*, Vol. 8, 2008, 586-591. Her: 589.

47 Daniel Thrap, *Wilhelm Andreas Wexels. Livs- og tidsbillede* (Christiania: Dybwad, 1905), 121-122.

48 Einar Boyesen, *J. W. Cappelen 1805—1878. Noen blad av norsk bokhandels og norsk kulturkamps historie* (Oslo: Cappelen, 1953), 36.

aret ein refleksjon av bakgrunnen til studentane. Seminaristane var «Quereinsteiger», hevda Schlag, faga som dei skulle skulerast i var eigentleg framand for dei. I Basel tydde det også ei endring i fromheitstype. Her fungerte danninga som korrigering av enkelte element i vekkingsrørsla: Studentane måtte leggja av alle former for «apokalyptiske og hysteriske framtidsprestillingar og misjonar omvendingsoptimisme.»<sup>49</sup> Den første inspektøren, Johann Christoph Blumhardt, var verksam i sju år frå 1830 av. Han var prega av kyrkjeleg lutherdom, hadde studert i mange år i Tübingen og budd i det berømte teologiske *Stift*. Av innstilling var han også skeptisk andsynes altfor stor omvendingsiver blant seminaristane.<sup>50</sup>

I Basel var utdanninga opphavleg tre år, men vart seinare utvida til fem år. Kriteriene for å bli akseptert som student var alder mellom 18 og 24 år, god fysisk form, og politiske, militære og politimesige tilhøve måtte vera i orden. Det som likevel er særskilt interessant med vilkåra for opptak var det ein kalla «den personlege innstillinga» til dei framtidige misjonæranne:

Den som vil gå inn i seminaret må ikkje berre vera ein moralsk uklanderleg ung mann, men han må ha eit sant liv i Gud [...] Den som vil omvenda andre, må sjølv vera grundig omvendt, ikkje forbigåande rørt av Guds ånd, men sannferdig gjenfødt [...] Det blir kravd at den som søker opptak ikkje berre har eit ønske om å bli ein forkynnar av evangeliet til heidningar, men at han skal bli viss på sitt guddomlege kall til å bli ein misjonær ved å la ettertanken modna, lenger sjølvprøving etter Guds ord under bøn og råd frå sakkunnige menn som kjenner søkaren vel.<sup>51</sup>

Ein av dei framtidige misjonsselevane, Lars Larsen, hadde erfaring frå ein avleggjar av Basel, nemleg Barmen. O. G. Myklebust peika på eit anna kontaktpunkt mellom misjonsvenene i Noreg og Barmen, nemleg at den første misjonærinstruksen til NMS (1849) var ei omsetjing og omarbeiding av den rhinske.<sup>52</sup> I tillegg fanst det ein misjonskandidat med erfaring frå institusjonen. I siste del av 1830-åra hadde nemleg den herrnhutisk farga Stavanger misjonsforeining støtta Hans Christian Knudsen og

49 Thomas Schlag, «Medien der Mission und Bildung. Die Entwicklung eines transnationalen Bildungsprogramms am Beispiel der Basler Mission im 19. Jahrhundert», i David Käbisich og Johannes Wischmeyer (red.) *Transnationale Dimensionen religiöser Bildung in der Moderne* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 2018), 97-120, her: 106

50 Sjå Michael T. Schulz, *Johann Christoph Blumhardt. Leben – Theologie – Verkündigung* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 1984), 43-47.

51 Sitert frå Detlef Lienau, «Pflanzschule von Heidenboten – Das Basler Missionsseminar» i Jobst Reller (red.) *Ausbildung für Mission. Das Missionsseminar Hermannsburg von 1849 bis 2012* (Münster: LIT Verlag, 2015), 43-80, her: 47

52 Olav Guttorm Myklebust: «»En Kirkens Sag». Det Norske Misjonsselskaps første forskrifter for sine utsendinger.», *NTM* 1983, 235-239.

utdanninga hans på misjonsinstituttet til det rhinske misjonsselskapet (Rheinische Mission) i Barmen. Kunne eit slikt føretak bli verkeleggjort i Noreg også? I 1840 kunne misjonsforeininga i Stavanger rapportera om at ein hadde fått «en fra H. C. Knudsen modtagen Opfordring til at søge oprettet et Missions-Institut i Norge»,<sup>53</sup> over same lest som i Barmen.<sup>54</sup> Knudsen ville gjerne skipa eit institutt som likna Barmen-instituttet. Kva var det for dannelsingsinstitusjon som ein her ønska å oppretta?

Misjonsseminaret – eller misjonsskolen – i Barmen vart oppretta ettersom det rhinske misjonsselskapet sjølv ville senda ut misjonærar. Den rhinske misjonen var ei samanslåing av fleire misjonsforeiningar frå både reformerte og lutherske krinsar. Den eldste av desse, Elberfeld, vart grunnlagt allereie i 1799, og verksemda hadde ringverknader som strekte seg like til Noreg. Dette vart kommunisert gjennom det (nokså) nye pressemediet. Niels Johannes Holms «Missions-Blad» kunne nemleg i 1832 konstatera at

Hine Barmenske Christne have en særdeles Kjerlighed for Norge; alene ved deres Opmuntring og Understøttelse er det norske Missionsblad blevet til [...].<sup>55</sup>

Formidlinga til Holm framstilte også institusjonelle sider ved Barmen-misjonen. Gjennom Missionsbladet peika han på at ein i Barmen i 1825 hadde skipa ein misjonsskole fordi det kom «ynglinge, som ønskede at forberedes til Missionstjenesten» i så store mengder at ein ikkje kunne senda desse til misjonsskolen i Basel. I Barmen gjorde ein sjølv ein «Prøvelse af deres Kald til Missionstjenesten», og så fekk dei unge undervisning av ein pastor Lindl og ein skulelærer tre dagar i veka. Dei tre andre dagane skulle nyttast til regulært kroppsarbeid, «hvorved de fortjente en Deel af Bekostningen for deres Underholdning».<sup>56</sup>

Misjonsskolen i Barmen vart raskt svært populær. Eit interessant aspekt som kastar lys over dei radikale ideane som prega vekkingsrørsla i Barmen, er rolla til den nemnte pastor Lindl, ein av dei første lærarane ved misjonsskolen i Barmen. Michael Kannenberg har belyst denne sida ved misjonsrørsla gjennom sin studie av endetidsforventinga i Württemberg-pietismen ved byrjinga av 1800-talet. Ignaz Lindl, som han heitte, var nemleg ein romersk-katolsk prest som var ein del av ei vekkingsrørslle med sterke apokalyptiske innslag. Lindl sameinte katolsk mystikk og protestantisk pietisme i ei transkonfesjonell kristendomsforståing og samla tusenvis av menneske under sin talarstol. Han forkynte ei «rein Kristus-tru» med vekt på forfølgning og til sist utvandring. Dette fall både kyrkjelege og statlege styresmakter tungt for brystet og

53 John Nome: *Demringstid i Norge. Fra misjonsinteresse til misjonsselskap* (Stavanger: Det norske misjonsselskaps forlag, 1942), 313.

54 John Nome: *Det norske misjonsselskaps historie* (Stavanger: Dreyer, 1943) bind 1, 19.

55 *Missions-blad* No. 18 (1832, 4. sept), 138.

56 *Ibid*, 139.

førte til sist til avskjed frå fleire av prestestillingane som han hadde vore i.

I 1819, medan Lindl var prest i Grundremmingen i Bayern, vart han invitert av Tsaren i Russland til å førebu utvandring frå Württemberg og Bayern til Sør-Russland. Etter eit opphald i St. Petersburg kunne han som nyleg Tsar-utnemnd visitator og prost for katolske kristne i Odessa utøva sitt embete. I fire år tok han imot tyske utvandrere til sin «sanne kristeleg-apostoliske Guds kyrkjelyd». <sup>57</sup> Han gifta seg og freista å omforma kyrkjelyden til ein tverrkonfesjonell Herrnhuter-kyrkjelyd. Men Lindl måtte til slutt reisa frå Russland, konverterte til den evangeliske kyrkja og hamna til slutt som hjelpeprest (Hilfsprediger) i Barmen, - og lærar for den nystarta misjonsskolen for det rhinske misjonsselskapet. <sup>58</sup> Ein kan rekna med at Lindl hadde ein nokså annleis verknad på misjonselevane enn den luthersk-kyrkjelege Blumhardt hadde i Basel. I Barmen møtte misjonselevane ein konfesjonslaus apokalyptikar med syn for radikale politiske idear. Ein kan altså tala om eit temmeleg vidt spekter av dannelsesidear hjå sentrale lærekrefter ved desse institusjonane.

Det var likevel verken misjonsseminaret i Basel eller Barmen som låg nærast som modell for Stavanger. I Hamburg hadde ein i 1837 vedteke å oppretta misjonsseminar for det Bremen-baserte Nordtyske misjonsselskap, og det var denne institusjonen som vart viktigast for utforminga av Misjonsskolen. Hamburg låg ikkje berre kyrkjeleg nært, men det var også gode handelskontaktar mellom Hamburg og Stavanger. Haugianarane var involverte i det lukrative sildefisket og fleire kom slik i kontakt med Tyskland. <sup>59</sup> Her spelte John Haugvaldstad ei viktig rolle. Ikkje berre som leiar for haugianarane i Stavanger, men også som husfar for det første kullet.

I Stavanger skreiv John Haugvaldstad eit brev i mai i 1841, der han peika på at «vi forenede skolde vaave os til og begiönde med opprettelsen til en mesjons skole». Han var i tvil om sitt eige engasjement for ein slik misjonsskole, men ville i så fall «aller först giöre en reise til Barmen for at se og höre der om mange ting og faa ramslan me som er lit spraaget megtig». <sup>60</sup> Peder Ramsland var ein av Haugvaldstads næraste medarbeidarar, og svigerfar til diktaren Alexander Kielland. <sup>61</sup> No gjekk ikkje reisa til Barmen, men til Hamburg. Ein kan stilla seg spørsmål om kor viktig ei slik reise

57 Michael Kannenberg, *Verschleierte Uhrtafeln. Endzeiterwartungen im württembergischen Pietismus zwischen 1818 und 1848* (Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht, 2007), 70-83, her s. 81.

58 Kannenberg, s. 194.

59 Sjå til dømes Olav Golf, *Religiöse Minoriteters utvandring. Kvekere og haugianere fra Rogaland i pionértida* (Oslo: Eige forlag, 1999), 47.

60 Misjonsarkivet A-1045/D/Daa/L0002/01. Brevet er datert 13. mai frå J. R. Haugvaldstad til O. P. Moe i Kristiansand og er i avskrift. Avskrivar I. Kv. Datert 17. januar 1957.

61 For biografiske opplysningar, sjå den lokalhistoriske studien av Gunnar A. Skadberg, *Alexander L. Kielland: «i slekt med hele byen» Kielland og hans nærmiljø sett fra et lokalhistorisk ståsted* (Stavanger: Wigestrånd, 2002), 88-91.



var for innramminga av misjonsskolen i Stavanger, men ein skal ikkje undervurdere betydninga som Haugvaldstad hadde på arbeidet. Han var husfar i dei første fire åra medan misjonsskolen leigde lokale i Øvre Strandgate. I tillegg stod den fyrste forstandaren, Andreas Hanssen, i kontakt med Det norsk-tyske misjonsselskapet i Hamburg. Etter at reisa var avslutta skreiv Haugvaldstad at

jeg tog paa Reisen [til] Tydskland denne Sommer først i August med Kjøbmand P. Ramsland der var noget øvet i dete Sprog og vi kom lykkelig og vel Frem det jeg nu lenge havde Ønsket fik jeg ei alene se men og tale med dem der som bedst kunde lede i de Ting hvortil de og var villige. Vi opholdt os der til vi ei vidste mere at undersøge dog er det troligt at komme vi i arbeide med dette vil vist mange Ting blive tvivlsomme vi holdt det ei umuligt men muligt ogsaa for os i Norge at begynde i det Smaa og oprette et Institut da vi kan haabe at naa flere [...] Vi tænkte det var bedst først at overveie hvad Bye eller sted maatte være passeligt for omtalte Indretning og derpaa gjøre det bekjendt, saa at de som havde Lyst og Drift dertil at blive Danet til Missjonærer kunde vide hvor de skulle mælde sig. Det er en selvfølge de maa være paa Prøve en Stund for end det bliver fast bestemt; thi det vil og beroe paa deres Naturevner om de kan blive antagne i Skolen. En Lærer for dem som skulde Læres bliver vel vanskeligt at faae, thi at saa vel Læreren som Diciplene maa være ret overgaaede fra Mørket til Lyset fra Satans Magt til Gud. Derom er hans een Mening fast Bestemmelse og dise ere vel den mindste Deel i Verden efter vor Frelzers egne Ord.<sup>62</sup>

Sjølv om brevet vitnar om at Haugvaldstad tvilte på eiga rolle, er det tydeleg at oppfatninga hans var at misjonærutdanninga skulle ha eit *særskilt* dannelsesprogram. Ein kan også leggja merke til at danninga hadde ei grense. Framtidige misjonærar måtte nemleg vera utrusta med visse evner frå naturen si side. Haugvaldstad nemner også den sentrale rolla til «Læreren». Dette er forståeleg når det er ein bestemt fromheistype som skal odlast i seminaret. Kva slags misjonsseminar var det Haugvaldstad møtte i Hamburg i 1841?

Sjølv om ei samla framstilling av historia til dei framveksande misjonsseminara manglar, har Jobst Reller skissert nokre grunnleggande sider ved seminaret i Hamburg. Frå 1819 hadde den nystarta Bremen Missionsverein utdanna sine utsendingar i Basel eller Berlin. Han peika på at dei i løpet av 1820-åra hadde samla erfaringar av å utdanna handverkarar til misjonærar. Reller merka seg også at det nordtyske misjonsselskapet hadde ei *republikansk* forfatning, der både reformerte og lutherske hadde lik

62 Ibid, datert oktober 1841. Adressat er ukjend.

makt.<sup>63</sup>

Johann Hartwig Brauer frå Hamburg vart vald til inspektør. Han var kjent som ein som «hata synd», men som «elska menneske». Brauer gjekk for å vera særskilt dyktig i språk og som pedagog.<sup>64</sup> Han var fyrst og fremst ein mann med sterke interesser i misjonsvitskap, men utan evna til å begeistra misjonsvenene.<sup>65</sup> Brauer hadde skrive 3-bandsverket *Bidrag til omvendning av heidningane* 1837-1841, der han hadde framstilt Fredrik den fjerdes misjonsinnsats i Trankebar ved Bartholomeus Ziegenbalg (bind 1) og Benjamin Schultze (bind 3), samt samemisjonen ved Thomas von Westen og grønlandsmisjonen ved Hans Egede (bind 2). Denne vitskaplege innramminga var neppe med på skape tillit i misjonsfolket i Nord-Tyskland. Dei såg med ein viss skepsis på at han kledde seg i – etter deira meining – gode klede, og ikkje greidde seg med det naudsynte. «Dersom den kjære Brauer vil danna vitne for evangeliet må han all-tid gå føre sparsamt og tilbakehalden [...]».<sup>66</sup> Ein slik diskrepans mellom puritanske lekfolk og meir kulturoopne leiarar var nok synleg for Haugvaldstad og Ramsland då dei vitja Hamburg. Det kan også forklara Haugvaldstads understreking av kor viktig «Læraren» var for profilen på Misjonsskolen.<sup>67</sup>

Ei viktig side ved opptaket til misjonsteneste i det nordtyske misjonsselskapet var prøvinga av dei som gjerne ville bli misjonærar. Det var ikkje berre intellektuelle sider ved søkerane som vart gjennomgått. Ein freista å trengja inn til «temperamentet og retninga på dette,» særskilt når det gjaldt spørsmålet om kvifor søkeren ville bli misjonær. Ein ville få eit grep om heile personlegdomen til dei komande misjonærane.<sup>68</sup> Når dei ulike misjonselevane skulle leva i saman, skulle ein kanskje tru at det var viktig med husreglar. Det fanst ei husordning heilt frå starten, men ho vart ikkje nedskriven. Ein ville ikkje ha ein skriftleg kontrakt som gjaldt ein gong for alle, men ein munnleg avtale. Poenget var å skapa ein kristeleg familie, der fellesskapsånd rådde utan at individualiteten til den enkelte forsvann ut av synsfeltet.<sup>69</sup>

Det er også verd å nemna *Missionsvorbereitungsanstalt* som vart oppretta i Nürnberg

63 Jobst Reller, «Die Anfänge des Missionsseminars der Nord-deutschen Missionsgesellschaft in Hamburg, Bremen und Hermannsburg 1837-1850» i Jobst Reller (red.) *Ausbildung für Mission. Das Missionsseminar Hermannsburg von 1849 bis 2012* (Münster: LIT Verlag, 2015), 101-138. Her: 105.

64 Ibid., 114.

65 Ibid., 117.

66 Ibid. 133.

67 Jf. «Ennå kunne brødrevennene dog ha håp om at misjonsutsendingene kunne få det rette evangeliske syn, dersom man fikk den rette mann til forstander ved Misjonsskolen» i John Nome, *Det norske Misjonsselskaps historie, bind 1*, 110.

68 Ibid., 109.

69 Ibid., 117.

i 1846.<sup>70</sup> Gjennom denne institusjonen ville ein avhjelpe behov for kyrkjeleg personell blant tyske utvandrarar i USA. I institusjonen, som etterkvart flytta til Neuendettelsau, var Friedrich Bauer sentral i oppbygginga av studiet. Det varte i 3 år. Eit interessant trekk var at dagsrytmen med både undervisning og fritid var fullstendig regulert frå klokka fem om morgonen til klokka ti om kvelden. Ja, dette var utvikla i eit endå strengare «monastisk» system enn det som Wilhelm Löhe opphavleg gjekk inn for, i det kjente «Gemeinsames Leben». Det dannelsmessige poenget til Bauer kom til uttrykk i grunnreglane, fyrst nedskrivne i 1861: «Ein misjonsanstalt er ikkje berre ein lærdomsanstalt (Lehranstalt)» heitte det i §2, «men ein utdanningsanstalt for misjonskallet [...] Utdanninga er luthersk, dvs. ekte evangelisk, som ei utdanning til fridom».<sup>71</sup> Det kan lyda paradoksalt, all den tid dagen var fullstendig gjennomregulert som innøving i kristendom.

Ein kan også nemna andre institusjonar i tysk tradisjon som var viktige for utviklinga av danninga i kristen kontekst. Eit eksempel er diakonianstalten i Hamburg, oppretta i 1833 av Johann Hinrich Wichern.<sup>72</sup>

## Danninga i norsk kontekst

Korleis nedfelte desse dannelsideala seg i ein norsk kontekst? I eit brev frå 26. februar 1848 svarte Haugvaldstad på nokre kritiske spørsmål frå misjonsvener. Nokre av desse på «Hedemarken» hadde tvilt på «Lærerens duelighed». Haugvaldstad hevda at det var ingen grunn til å tvila på at lærarane ved Misjonsskolen kunne «danne Elever». Når det gjaldt deira «Læres Reenhed», var det ifølgje Haugvaldstad ingen grunn til å tvila på denne, all den tid dei var fødd «i vor Bye» og den eine var sonen til Haugvaldstads næraste nabo. Ein annan har «opført sig vakkert», foreldra var nemleg kjenningar. Ein annan var hjelpeprest eit stykke unna før han kom til skulen. «Der var mange af vore Bekjendte som han var meget yndet af, og han er nu paa Storthinget». Her kan ein skimte grunngevinga i det haugianske venesamfunnet. Det er ikkje konfesjonelle eller kyrkjelege spørsmål som er det avgjerande for om lærarane er dugelege, men personlege kvalitetar som Haugvaldstad har innsikt i gjennom kjennskap og venskap.

Haugvaldstad delte også av si erfaring med elevane som hadde budd hjå han sidan oppstarten i 1843, «saa jeg har havt god Anledning at kjende dem. Jeg tilstaaer det er gode Folk; vel maa jeg tillægge at En kan vise Lidt mere Svaghed end den anden». Med «Svaghed» meinte Haugvaldstad at det skorta på moralsk karakter, det vil seia evna til å stå imot freistingar. Når det gjaldt læremessige aspekt ved undervisninga, viste Haugvaldstad til at det som blir lært er «af Böger, som ere af mange bestemte, og som

70 Hans Rössler, «Friedrich Bauer – ein fränkischer Theologe und Schulmann», i *ZBKG* 80 (2011), 20.

71 Ibid, 32.

72 Hans-Walter Schmuhl: *Senfkorn und Sauerteig. Die Geschichte des Rauhen Hauses zu Hamburg 1833–2008*, Hamburg 2008, S. 29-30.

ei bliver flyttet derfra eller ombyttet. Det er ikke Lærer eller Elever tilladt at bringe hvad Bog han vil.»<sup>73</sup> Dersom dette er rett, har nok den boklege sida av studiet vore standardisert, dvs. lagt seg tett opp til bøkene som vart nytta ved Teologisk Fakultet.

At dannelsesideen til misjonsfolket bygde på den føreliggjande utdanninga i teologi til komande prestar i Den norske kyrkja er heva over tvil. For misjonsskolen sin del innebar det bibelstudier, dogmatikk, kyrkjehistorie og religionskunnskap. Ein misjonsstudent måtte altså meistra dei klassiske teologiske kunnskapsfaga i tillegg til misjonsrelevante fag. Teoretisk kunnskap hadde likevel ei grense. “Kundskab i den hellige Skrifts Grundsprog ansees vel ønskelig men ikke nødvendig for hver Missionspræst”, heitte det i reglementet.<sup>74</sup> Trass i dette vart det undervist i gresk frå 1870, og latinundervisning kom til nokre år seinare. Samstundes representerte desse akademiske ambisjonane eit problem. På den eine sida ville ein gjerne gje landsens ungdom utan særskilte eigenskapar (dvs. artium) tilgang til Misjonsskolen, slik Kristin Fjelde Tjelle peikar på i sitt bidrag til dette nummeret av NOTM. På den andre sida hadde ein temmeleg høge akademiske pretensjonar. For å bøta på manglande teoretisk skulering, hadde Misjonsselskapet oppretta gymnasie-kurs i 1915. Men ein kunne også sleppa inn på Misjonsskolen utan artium. Denne dobbelte innstillinga kan ein forstå som eit utslag av at kallsopplevinga til å reise ut som misjonær måtte ha forrang framfor formelle utdanningskrav.

I sjølvbiografien som misjonsleiaren Lars Dahle publiserte i 1922, skreiv han om opphaldet sitt ved Misjonsskolen 1864-67. Dahle peika på at nivået var svært elementært, ettersom mange ikkje hadde noko særskilt lærdom frå før. Det gjorde at han alltid leste artikkeloppslaga i Herzogs Realenzyklopädie, for eksempel i kyrkjehistorie.<sup>75</sup> Denne merknaden må nok tolkast ut frå Dahles store evner og vitskaplege svolt. På Misjonsskolen såg lærarane potensialet til Dahle og sende han til universitetet i Christiania. Der vart han del av den indre krinsen til Gisle Johnson og Carl Paul Caspari før han reiste til Madagaskar. At Misjonsselskapet sende Dahle til hovudstaden for eit vidare teologisk studium vitnar om forståing av at spesielt gåverike menneske treng å bryna seg, også fagleg.

## Utviklinga av misjonsskolen mot slutten av 1800-talet

Då Karl Roll overtok som forstandar på Misjonsskolen i 1872, vart profilen på mange måtar tydeleggjort når det gjaldt den grad av lydriad som misjonselevane måtte underkasta seg. Nome karakteriserte han som «en meget alvorlig mann, men en overordentlig steil karakter». Dessutan var bakgrunnen som tukthusprest eigna til å «øve samme

73 Misjonsarkivet A-1045/D/Daa/L0002/01.

74 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 212.

75 Lars Dahle, *Tilbakeblik* 1, 62-63.

absolutte regimente over sine nye undergivne: misjonselevne.»<sup>76</sup> Den illejetne Rolls husorden frå 1874 var eit ekstremt utslag av lydnad og ordensvilje. Sentralt stod ønsket om «at danne et Værn mot Misbrugen af den christelige Frihed».<sup>77</sup> Einar Molland plasserer Roll som ein karakteristisk «johnsonsk» prest, med kyrkjetukt som spesialfelt. Roll kom frå ein møblert heim i Trondheim, var beleven i selskapslivet under studiet, men hadde blitt gripen av vekkinga i Christiania. I Alta, kor Roll var prest, utmerka han seg som botspredikant.

Rolls dannelsingsprogram er relativt omfattande og representerer eit bestemt innramming av den ideelle personlegdomen og korleis denne skal formast. Sjølvforneking og verdsforsaking er sjølvsagte utgangspunkt, men Roll har også ei eksegese av Paulus-ordet «Gled dykk!»: «Et trældomsaktig, misfornøiet og vrantent Væsen hører ikke hjemme paa Missionsskolen». På den andre sida måtte ein unngå «Hoffærdighet, Selvgodhed, Indbilskhed» osv. I tillegg blir det kravd «Stilfærdighed», og ein kvar form for «Ladhed, Lediggang, Fjas og Støi» skal ein elev halda seg borte frå.

Det interessante er kombinasjonen av fundamentalteologiske påstandar som «Fuldkommenhed kan ikke ventes af Syndere» «Liv i Aabenhed og Fortrolighed» og deira funksjon for å underbygge kulturell profilering. I spennet mellom den menneskelege natur og syndfridom, legg Roll vekt på «Skaansomhed og Fordragelighed» i foreining med «Aarvaagenhed og Nidkjærhed». Det er likevel implementeringa av kontrollregimet som er slåande. Den naudsynte «fortrolighed» som skulle prega livet på Misjonsskolen førte til at alle brev skulle lesast av forstandaren, som i kraft av sitt embete var tilnærma fri frå synd, skal ein tru Roll. Ein får inntrykk av at Roll ønskjer seg eit parallellsamfunn og at det finst sterke sekteriske trekk. Dersom misjonselevar skulle offentleggjera «Misligheder» ville det vera «et Forræderi mod vor Anstalt». Roll ville verken ha hyppige vitjingar av kjenningar inn til skolen eller at misjonsskolelevar skulle reisa ut av skolen.

I 1923 gav ein av lærarane på Misjonsskolen, Emil Birkeli, ut ei lita bok, eller snarare ein trykksak, med det forvitnelege namnet *Omkring Missionæren*. Her ville Birkeli svare på kva som kjenneteikna ein slik skapnad. Etter å ha understreka at misjonæren fyrst og fremst er ein evangelist, altså noko ganske anna enn ein kulturagent, kjem han inn på korleis misjonæren er behandla og forstått mellom tonegevendande litterære figurar i norsk allmente. Birkeli peika på at misjonærane hadde sleppt ganske lett frå det hjå diktarar som Bjørnson og Ibsen, i alle fall om ein likna dei med prestane. Det var annleis med den giftige Kielland, som i Dagbladet sommaren 1890 hadde

76 John Nome, *Det norske Misjonsselskaps historie, bind 1*, 314.

77 Rolls Husorden er trykt opp i Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien. Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets Forlag, 1959), 214-224.

komponert dei såkalte Jæderbrev.<sup>78</sup> Her stod også artikkelen «Missionen», der Kielland hadde raljert over misjonsutdanninga:

At ville lære en flok unge mennesker op til billedhuggere vilde snart svinde ind til en latterlighed; men til missionær! Det ubestridelig sjeldneste av alt – bilder man sig ind at kunne utdanne unge personer, som melder at de har trang. Man indbyder dem som til hvilket som helst andet kursus, prøver dem og gaar saa igang med at lage missionærer!.<sup>79</sup>

Birkeli beit seg merke i at Kielland såg på misjonsstudentane med lett erkjennelege, aristokratiske briller. Dei var «undermaals kulturutgaver» som knapt kunne utretta nokon ting, hevda Kielland.

Det er liten sandsynlighet for at de har faat nogen stor og høi horisont disse duelige klokke- og kirkesanger-elever som er utklekket inde i selve Missionsgaarden og som ikkje vet et grand om den civiliserte verden de forlater, og kven livet og livets erfaring ingenting har faat lært. Legges alt dette til den kundskap man har om selve utvælgelsens maate, de utvalgtes kvalifikationer og tarvelige utdanning, saa kan man vel med sikkerhet gaa ut frå at selve missionsarbeidet gjennomgaaende blir meget slet eller høist maatelig utført.<sup>80</sup>

For mange var nok misjonsarbeidet «en social løftestang», på det punktet måtte Birkeli gje Kielland rett, men han streka under at ønsket om sosial klatring kunne vera bra. Ja, Birkeli gjekk til og med så langt som til å skriva at ein som trådde etter eit bispeembete trådde etter ein god ting.<sup>81</sup> Det avgjerande var skilnaden på evangelium og kultur. Kielland hadde hevda at «Stavangermissionen» ikkje berre hadde brakt kristendom til Sør-Afrika og Madagaskar, men at innbyggjarane var utsette for kulturimperialisme. Ein ville – ifølgje Kielland – gjera

Zulukaffere og sakalaver til jærbuer og listerlændinger med suk og slæpetoner, patent-tro og kirkepolitik og uldskjærf.<sup>82</sup>

Sjølv om Birkeli hevda at «den spesielle Stavanger-kultur eksisterer kun i disse herrers fantasi», gav Birkeli Kielland rett på eitt punkt. Ein kunne nemleg setja ord på den

78 Torstein Jørgensen, «En liten sommerdebatt om misjon. Dikteren Alexander Kielland i diskusjon med generalsekretær Lars Dahle», i *Misjon og teologi* 5-6 (1998/1999), 77-82.

79 Emil Birkeli, *Omkring Missionæren* (Stavanger: Missionstrykkeriet, 1923), 7.

80 Ibid, 8.

81 Ibid, 9.

82 Ibid, 13.

kulturelle ballasten som misjonærane bar med seg:

Den kultur man fører med sig er den norske vekkelseskristendom og den norske statskirkes liturgi og ritual, kun med noen faa forandringar.<sup>83</sup>

Birkeli var usamd med Kielland i at misjonen dreiv liturgisk eksport, og peika på at den kulturen som misjonærane bringa med seg var norsk vekkingskristendom og liturgien til statskyrkja. Denne dannelsingsmerknaden er verd å merka seg. Poenget hans var nemleg at liturgisk liv ikkje var så viktig å bringa ut til misjonsmarka, det var jo også lite forstått i opphavlandet Noreg.

### **Danning av den enkelte misjonær**

Lærarkollegiet for det 13. kull bestod av fire personar. Forstandaren, den 56 år gamle Hans Dop Smith, var cand. theol. frå Universitetet i Oslo og tidlegare misjonær på Madagaskar. Smith var frå gammal presteslekt, faren var sokneprest i Vinje i Telemark. Han underviste i misjonsfaga. Den 36 år gamle Eivind Amdahl var cand theol frå Menighetsfakultetet og hadde overteke som generalsekretær i NMS to år tidlegare. Amdahl var utprega akademisk vesen og underviste i kyrkjestorier og Det gamle testamente. I tillegg hadde Amdahl spurt den 78-år gamle misjonshøvdingen Lars Dahle om å halde førelesingar over profeten Jona. 47-åringen Emil Birkeli vart uteksaminert frå misjonsskolen i 1902 og sendt til Madagaskar. Frå 1921 var han tilsett ved misjonsskolen og underviste i religionshistorie og misjonshistorie. Til sist underviste Andreas Jakobsen, ein 38 år gammal cand. theol. frå Menighetsfakultetet, i nytestamentleg eksegese og dogmatikk. Akkurat i denne perioden skjer det altså eit skifte der lærarkollegiet i større grad blir prega av MF-teologar.

Studentane skulle i tillegg til teologien ha allmenndannande fag som geografi, naturfag og språkkunnskap. Det springande spørsmålet for institusjonsutviklinga var: Korleis skulle dei ulike elementa i misjonærdanninga vektast? Kva var det eigentleg å vera "skikka til misjonsprest"? For kort å kasta litt lys over dette når det gjeld ordinandane frå 1924 har eg vore nede i misjonsarkivet og funne fram dokument som seier noko om vurderingane av studentane, nemleg rapportane frå lærarar og forstandar på Misjonsskulen. Dei skreiv nemleg årlege rapportar om korleis progresjonen var blant studentane. Eg vil trekka fram ein av desse, nemleg den seinare kinamisjonæren, Olav Aarflot, far til seinare Oslo biskop Andreas Aarflot.

I rapporten frå 1923 heiter det. «Aarflot har meget gode evner, særlig er han receptivt begavet. Han er endnu noget umoden. Svært interesseret. Han er godt musikalsk begavet. Han er en behagelig og tiltalende elev.» I det påfylgjande året I 1924 var ikkje vurderinga like god. Om Aarflot skreiv dei fylgjande i «Uttalelse om eleverne i theologklassen på Missionssskolen»

83 Ibid, 14.

- confr. uttalelsen av 1923 med følgende tillæg: "Aarflot kan ikke siges at ha indfriet de løfter, som hans begavelse stillet i utsigt. Han synes neppe at ha vist den interesse for studiet som hans evner og anlæg kunde lægge nær." Forstanderen, Hans Dop Smith tok dissens på dette tillegget, idet han meinte, at når Aarflot «ikke var nåd så langt som vi hadde ventet, [...] at han ved hodepine hadde vært hindret meget i sin læsning." Smith viste til vurderinga året før, og vart ståande ved denne. Dette viser at lærarane hadde ulike vurderingar og at grensa mellom sjukdom og latskap ikkje var så lett å trekka, den gongen som no.

Eit anna eksempel på at vurderingane sprika finn ein når det gjeld studenten Racin Kolnes. I ei fråsegn frå 28. mars 1924 heiter det

Istedenfor sidste sætning i forrige uttalelse vil Amdahl, Birkeli og Jakobsen sætte følgende: Han viser megen freidighet og har et let og elskværdigt lynne. Dette har dog med ført at han av og til har tat sine plikter, og de oppgaver der har påholdt han i skolearbeidet for let. Det vilde være ønskeligt at Kolnes viste mer ansvarsfølelse og ihærdighet overfor betydningsfuldere opgaver [og] situationer, noget som han også i den senere tid har begyndt at lægge for dagen. Smith dissenterer fra tillægsuttalelsen, idet han blir stående ved uttalelsen av 1923.

I 1923 hadde ein samla kommisjon uttalt seg positivt om Kolnes. Smith meinte sannsynlegvis at dei kritiske merknadane burde bli sett i lys av andre sider av personlegdomen. Problemet er at ei fyldig utgreiing manglar frå Smith si side. Som forstandar hadde han eit anna blikk for ein større del av registeret til misjonselevane.

Ei sak var medfødde evner og anlegg, noko anna var karakterdanning og gjennomføringsvilje. Det heitte for eksempel om Karl Levinsen, ein av ordinandane som reiste til Madagaskar, at evnene «er ganske almindelige». Men, skriv lærarane, Levinsen «arbeider svært jevnt og samvittighetsfuldt» og «har en helt igjennem god karakter». Lærarane beit seg merke i at Espedal er «litt taus og tung», men la straks til at han er meget flittig og hans forhold er i enhver henseende utmerket». Ein kan altså sjå at danninga av misjonsstudentar hadde fleire komponentar enn berre den faglege, teologiske sida. Men desse få eksempla viser også kor vanskeleg det er å vurdera slike sider ved eit menneske. Det er lett å bli samde om at danning både har ein fagleg og personleg komponent, at «skikkethet» er viktig. Vanskane kjem når dette skal få konkrete følgjer på bakken. I tillegg skal jo dette også vera tekstar som fleire av lærarkreftene skal einast om.

Nokre saker var enklare enn andre. Det er ingen tvil om at Thorvald Foss hadde skaffa seg tiltru i leiinga, trass i at han ikkje hadde mykje skulegang. I fråsegna frå 28. mars 1924 heiter det: "Hans mangelfulde fordannelse har gjort det vanskelig for ham under studiet at yde det, som hans utmerkede evner og sterke interesse i og for sig kunde ha vente. Han vil dog bli blandt vore dygtigste folk og har gjort sine saker godt." Kva skulle ein gjera med svake studentar? Johan Jørgensen, son av trykkeribestyrar



Thomas Jørgensen, var ein slik svak student, dersom ein skal tru kjeldene. I vurderinga frå 1923 skreiv lærarane

Jørgensen har ikkje hat let for at tilegne sig kundskaper. Særlig har han store vanskeligheter med sprog. Han står meget tilbake, hvad skolens teoretiske arbeide angår, likesom han i åndelig henseende er noget uutviklet. Derimod har han utpregede praktiske interesser og anlæg. Han er musikalsk. Han er en meget tjenstvillig og elskværdig elev. I den senere tid har han vært meget plaget av hodepine, vistnok på grunn av overanstrengelse. Vi ønsker at gjøre hovedstyret opmerksom på, at Jørgensen med hensyn til kundskaper, åndelig arbeidskraft og personlig utvikling står så dårligt, at skulde der tas hensyn bare til disse ting, måtte vi helt fraråde at han sendtes ut til missionsmarken. På den anden side må der taes i betraktning, at han er personlig elskverdige, har evne til at vinde mennesker personlig og god evne og vilje til at ta fat i det almindelige arbeidsliv. Vi er da allikevel av den tro, at han kan bli brukbar i arbeidet på missionsmarken.

I 1924 var ikkje Jørgensen mellom dei som knelte ned i St Petri. Fleirtalet av lærarkollegiet hadde nemleg vedteke fylgjande fråsegn: «Trods Jørgensens gode sider – han har i den senere tid tat sig noget mere saman i studiet – finder man ikke at kunne anbefale ham til ordination og utsendelse. Man anser ham for en svak personlighet, så vel kristeligt som intellektuelt; og man kan ikke finde, at han besitter de egenskaper, som det norske missionselskap må kreve av sine utsendinger. Man forstår, at selskapet i tilfelde han ikke blir ordinert og utsendt, gjør kva det kan for at hjelpe han over i en ny livsstilling. Det er ret og billigt, al den stund han har vært så længe på skolen.»

Mindretallet, forstander Smith, uttalte

Jørgensen har ikkje hat let for at tilegne sig kundskaper. Han har også av hodepine vært hindret adskillig i sin læsning. Han står derfor nokså meget tilbake, hvad skolens teoretiske arbeide angår. Særlig er han svak i græsk. Han er dog i henseende til kundskaper ikke den, som står svakest. I åndelig henseende er han endnu noget uutviklet. Men på den anden side er han i besiddelse av egenskaper, som efter min mening er av stor betydning for en missionær: Han er meget hændig og praktisk, er tjenstvillig og elskværdig, har evne til at vinde mennesker personlig og god evne og vilje til at ta fat i det almindelige arbeidsliv. Hertil kommer at han er musikalsk begavet. Jeg er ikke i tvil om, at han er en personlig kristen. Jeg anbefaler ham derfor til ordination sammen med de andre elever.»

Smiths dissens illustrerte kor ulikt lærekreftene ved Misjonsskolen vekta komponentane i danninga. Der fleirtalet konkluderte at Jørgensen hadde ein svakt utvikla personlegdom, både intellektuelt og kristeleg, der trekte Smith fram andre sider ved

personen. Smith sa seg rett nok samd i at Jørgensen hadde store hol i den akademiske delen av danninga, men peika dei praktiske og handverksmessige evnene og at han hadde eit vinnande vesen. I tillegg peika han på dei musikalske evnene. Det siste er kanskje litt overraskande, ettersom musikalsk danning ikkje vart vektlagt i det formelle vurderingsgrunnlaget. Etter eit ekstra år ved misjonsskolen vart Jørgensen sendt ut til Madagaskar.

## **Konklusjon**

Misjonærane som vart ordinerte i 1924 stod i ein lang danningstradisjon med eit heilt spesiell innramming for deira misjonsteneste. Her var det innslag av luthersk universitetsteologi, asketisk livsførsel og sterk grad av overvaking. Graden av personlegdomskalibrering endra seg noko over tid – med eit autoritært høgdepunkt under forstandar Karl Roll på 1870-talet – men har alltid hatt ein komponent av balansering mellom ulike omsyn. At teologiutdanninga ved institusjonen hadde eit «vidare sikte» enn bokleg lærdom er heva over tvil.